



MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
Onsdag 22. september 2021 kl. 20.00 – kl. 21.45.	Dovre u-skule

TIL STADES PÅ MØTET

Dovre sokn: Guri Ruste, Anne Brit Roen Eriksen, Marit Reidun Bøe Svestad, Helle Hundevadt.
Dombås sokn: Randi Brennhaug, Eli Nytrøen Lyngen, Jomund Endre Angard.
Prest: Elisabeth Torp.
Kommunerepr.: Knut Nytnun.

Med tale- og forslagsrett: Kyrkjeverge Elin Marit Angard. Tilsatte i sak 22/21.

SAKER TIL HANDSAMING

SAK 22/21	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
SAK 23/21	NYE DOMBÅS KYRKJE
	REFERAT OG ORIENTERING

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 22-23/21 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Eli Nytrøen Lyngen *Randi Brennhaug*
Knut Nytnun *Knut A. Berget*
Jomund Angard *Anne Britt Roen Eriksen*
Guri Ruste *Helle Hundevadt*

Innkalling: 13. september 2021

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, revisor.

SAK 22/21 NYE DOMBÅS KYRKJE

Saksopplysninger:

Informasjonsmøte 22. september (21 frammøtte):

- Status sanering ved Odd Ivar Pedersen, Tugin
- Automatisk slukkeanlegg ved brannsjef Åge Tøndevoldshagen
- Skisser til kyrkjebenker, trapper og rev. planløsning ved arkitekt Erik Langdalen

Kostnadsoverslag ved byggherrebestemte endringer: ca 4,6 millioner kr eks. mva.

Behandling i møte:

Respons og synspunkt på informasjon over.

SAK 23/21 REFERATER OG ORIENTERING

Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 22. juni 2021.**

- **AU-møte 8. september:**

Arbeid med gravminner:

Vedtak: DKR kan utføre flytting av gravminner ved sletting av graver o.l. Arbeidet fakturerast med kr 1.000 pr gravminne. Beløpet blir indeksregulert kvart 5. år. Dersom det er behov for å leige større maskin, kjem dette i tillegg.

Høyring om endring i gravplasslova med forskrift

Dovre kyrkjelege råd gje fylgjande høyringssvar:

Vedtak: DKR støttar dei foreslåtte endring med unntak av:

- Alternativ 2 ved namneflytting (Gravplassforskriften § 21). Dette tillegget vil i stor grad avgrense dei etterlatte sine ynskje og behov om å behalde namna på gravplassen utan å ha eit stor ansvar for stell og tilsyn, stadig fleire bur andre stader. For gravplassforvaltninga vil overføring av namn til namna minnelund, frigjere mange graver (både enkeltgraver og gravstader). Vi ser det derfor som viktig at festar når som helst kan overføre namn til namna gravlund.
- Oppheving av gravplassforskriftens § 21 tredje ledd første punkt. Dette vil medføre auka arbeid og kostnader for gravplassforvaltninga.

Orienteringer/diverse saker

- Innsetting av prostiprest Roar Bredvei 24.10 i Dovre kyrkje: Gudstenesta kl.10 på Dombås hotell går ut. Tilby kyrkjeskys til Dovre.
 - Personellressurser: AU godkjenner kortvarig engasjement av M.T. for å bistå med arkivering og kyrkjebyggregistrering.
 - Nye Dombås kyrkje: DKR vil ta vare på takskifer. Rådsleder kontakter frivillige.
 - Tiltak kyrkjebygg: Kyrkjeverge bestiller montering av lynvernanlegg på Eysteinkyrkja og undersøker med RA om vilkår (omfang) og moglegheit for lengre frist for midler til utbetring av el-anlegg i Dovre kyrkje.
- **Økonomirapport pr. 31.8.21: Utdelt på møtet.**
 - **Post**
 - Revisors beretning for regnskap 2020
 - Hamar bispedømmeråd: Ekstraordinære midler

Vedtak:

Protokollen frå rådsmøtet 22. juni er godkjent. Øvrige orienteringer tatt til etterretning.